

Lottene i Nes lærer orientering



Ein del av medlemmene i Nes og Omegn Lotteforening er no i ferd med å lære seg bruken av kart og kompass. Det er 6 brev i kurset til Forsvaret som vert gjennomgått med major Petter Fr. Kvarsteig som instruktør. Men det er også andre aktivite-

tar som vert drivne innan denne foreininga. Dei to siste somrane har lottene vore med på HV-øvingane i Nesbyen og elles har dei prøvd seg på skytebanen med heiderleg resultat. Det er ikkje enkelt å ta AG-en i bruk fyrste gong, men

Kari Rustberggard greide bronsemerket første gongen ho prøvde seg.

På biletet ser vi f.v. instruktøren major Petter Fr. Kvarsteig, Eva Kjærsgaard, Kari Rustberggard og Mariann Sæthran.